

# Referat

## Møte i Samarbeidsutvalet for Nordhordland

<b>Dato:</b>	Torsdag 8. desember kl 09 -12
<b>Stad:</b>	Regionrådet Nordhordland – Fossbygget 3.et
<b>Til stades:</b>	Tord Moltumyr (komm.overlege Meland), Petter Thornam (fagdir. HDS), Helga Ellingsen (rådgjevar Masfjorden), Frøydis Gullbrå (komm.overlege Modalen), Eva Karin Skorpen (NSF), Ingebjørg Søreide (Kommunalsjef Omsorg Gulen), Mette Fauskanger (Kommunalsjef Helse og omsorg Radøy), Kristin Ruud Myking (konst. Sektorleiar for helse-omsorg og sosial Osterøy), Anne Sissel Fauskanger (viseadm.dir. HB), Geir Lien (rådgjevar HB), Åse Therese Nordstrønen (klinikkdirektør HDS), Terese Folgerø (komm.overlege Lindås), Bente Orlen Westervik (brukarutvalet HB), Ernst Horgen (komm.overlege Fedje), Øystein Moldeklev (brukarutvalet HDS), Liv Berit Haukås (HTV Fagforbundet Lindås), Peter Kubon (kommuneoverlege Austrheim) og Anne Hildegunn Færøy (samarbeidssekretariatet)
<b>Ikkje møtt:</b>	Kjerstin Fyllingen (adm.dir. HDS), Gunn Glimsdal (samarbeidssekretariatet)
<b>Møteleiar:</b>	Tord Moltumyr
<b>Referent:</b>	Anne Hildegunn Færøy

Nr	Saker	Sakstype Vedtak Drøfting Orientering
42/16	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b> <u>Vedtak:</u> Innkalling og saksliste godkjent utan merknader	V
43/16	<b>Godkjenning av referat fra møte i Samarbeidsutvalet 15. september 2016</b> Utvalet ber om at det ved bruk av forkortingar blir sett inn forklaring på kva det betyr. Dette gjeld saksliste, saksvedlegg og referat. <u>Vedtak:</u> Referat godkjent utan merknader	V
44/16	<b>Status Handlingsplan 2016</b> Det vart gitt ei kort orientering om status for dei ulike tiltaka i Handlingsplan 2016. <u>Vedtak:</u> Samarbeidsutvalet tar status for Handlingsplan for 2016 til orientering.	O
45/16	<b>Handlingsplanen 2017 – prioritering av innspel</b> Kommunane sine representantar vil med utgangspunkt i vedlagt oversikt over innkomne innspel til prioriteringar for 2017 prioritere desse tema/tiltaka: <ul style="list-style-type: none"> <li>– Palliasjon</li> <li>– Pasientforløp</li> <li>– Helseberedskap, herunder revisjon av Pandemiavtalen</li> </ul> Utover dette drøfta utvalet at det er viktig å prioritere barn og unge, rus og psykiatri, utan at det vart føreslått konkrete tiltak innan for desse områda. Det vart også vist til at revisjon av tenesteavtale 4 og 8 må inn i handlingsplan for 2017(sak 46/16). Det kom innspel til at gjennomføring av tiltak i handlingsplan i større grad bør prosjektorganiserast for å oppnå resultat. Dette vart drøfta og det kom innspel til at ei slik organisering kan krevje ekstra ressursar som partane må finansiere eller det må søkjast om ekstern finansiering til.	V

	<p>Det vart vist til at det er etablert samarbeidsarenaer og at nettverk og underutval må nyttast i arbeidet og få konkrete oppgåver og bestillingar. Det er semje om at det må komme i ei tydeleg konkretisering av prioriteringar, med konkrete resultatmål, og at dette må sjåast i samanheng med kva ressursar ein har til å gjennomføre tiltaka. Utvalet ber SSE vurdere innspel til organisering og gjennomføring av prioriterte tiltak.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland ber SSE utarbeide sak om endeleg handlingsplan til møta i februar 2017, og er samde om at følgjande 3 tema/tiltak blir innarbeidd i handlingsplanen:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Palliasjon (punkt 37,38, 39, 47, 48 i vedlagt oversikt)</li> <li>2. Pasientforløp - konkretisert mot ØHD /Diagnostisk sløyfe, ambulante tenester og tverrgående pasientforløp. (punkt 35, 40, 43, 46)</li> <li>3. Helseberedskap - pandemiavtale, generell helseberedskap, Sykkel VM(punkt 27, 29, 32)</li> </ol>	
46/16	<p><b>Årleg gjennomgang av avtaleverket</b></p> <p>Leiar viste til vedlagt saksframlegg med tilråding om kva samarbeidsavtalar som etter vedtekne kriterier er vurdert som aktuelle for ein gjennomgang i 2017. SSE har tilrådd at samarbeidsutvala drøftar og tar stilling til behov for gjennomgang/ revisjon av tenesteavtale 1, 3 og 5, 4 og 8.</p> <p>Leiar viser til at utvalet tidlegare har gjort vedtak om at ein skal avvente med å ta stilling til ønske om revisjon av tenesteavtale 1 og tenesteavtale 3 og 5 somatikk til det føreligg eit tilråding frå Bergen kommune. Utvalet held fast ved dette. Når det gjeld tenesteavtale 4, som også skal omhandle kommunal plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphald for psykisk helse- og rusfeltet er det behov for ein mindre revisjon for å inkludere rus og psykisk helse i avtalen. SU NH støttar Helse Bergen i at det blir gjennomført ein revisjon av tenesteavtale 8.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar gjennomgang av avtaleverket til orientering og sluttar seg til SSE si tilråding om å gjennomføre revisjon av tenesteavtale 4 og 8, og at ein eventuell revisjon av tenesteavtale 1 og tenesteavtale 3 og 5 somatikk vert sett på vent til SU Bergen har handsama saka. Samarbeidsutvalet ber SSE sørge for at det blir etablert arbeidsgrupper som kan utarbeide utkast til avtalar.</p>	O
47/16	<p><b>Møteplan 2017</b></p> <p>Utvalet ber om at alle møta startar etter kl. 10.00.</p> <p>Møte 23.februar må starte kl. 12.30</p> <p>Møte 22.mai passer dårlig. Utvalet ber sekretær finne ny dato</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Samarbeidsutvalet Nordhordland vedtar forslag til møteplan for 2017 med ovanstående merknader.</p>	V
48/16	<p><b>Status for Nordhordland ØHD(Øyeblikkelig hjelp døgnplassar)</b></p> <p>Avdelingsoverlege, Willy Davidsen orienterte om status for bruken av sengene i døgnposten. Presentasjon som viser avdelinga, inklusjons- og eksklusjonskriterier og bruken av døgnplassene er vedlagt.</p> <p>Det vart stilt spørsmål ved korleis ein arbeidar vidare for å få opp bruken av døgnplassane. Er det tenkt konkrete tiltak?</p> <p>Bruk av diagnostisk sløyfe vert vurdert. Dette vert utvikla i samarbeid med Haraldsplass Diagonale Sykehus. Det vert også sett til andre ØHD for å finna kven som kan ha nytte av dette tilbodet og korleis bruken kan auka.</p>	O

	<p>Davidsen viser til at dei har pasientar som er innlagt i mindre enn eit døgn, og dermed ikkje viser i statistikk for bruken av sengene. Dette bør ein kanskje få fram når ein viser til bruken av ØHD.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>	
49/16	<p><b>LAR - behov for særavtale?</b></p> <p>Saksframlegg med forslag til felles prosess for utarbeiding av avtale mellom kommune og helseføretak for finansiering av kostnader ved kommunane si utdeling av LAR-legemiddel var sendt til utvalet i forkant av møte.</p> <p>Samarbeidssekretariatet(SSE) har lagt fram forslag til prosess: <i>SSE sender ut forslag til avtale til kommunene for å forberede diskusjon i samarbeidsutvalget i februar møtet og for å kartlegge hvilke kommuner som er aktuelle for en slik avtale. Det besluttes en dato for frist for innspill til avtalen fra de aktuelle kommunene.</i></p> <p><u>Vedtak:</u> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til forslag til prosess for arbeidet med å få på plass ein felles mal for avtale om utlevering av LAR-legemidlar i ein kommunal utleveringsordning for aktuelle kommunar.</p>	V
50/16	<p><b>Nettverk i kreftomsorg og lindrende behandling</b></p> <p>Mette Fauskanger, Radøy har sagt seg villig til å stille som kommunane i Nordhordland sin representant i styringsgruppa og Nina Kvamme, Osterøy som vararepresentant.</p> <p><u>Vedtak:</u> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til at Mette Fauskanger, Radøy er kommunane i Nordhordland sin representant i stortingsgruppa og at Nina Kvamme, Osterøy er vararepresentant.</p>	V
51/16	<p><b>Nettverk for ØHD</b></p> <p>Saksgrunnlag med forslag til etablering av nettverk mellom ØH-tilboda i Helse Bergen føretaksområde, arbeidsoppgåver og mandat for eit slikt nettverk var sendt ut med saklista.</p> <p><u>Vedtak:</u> Samarbeidsutvalet for Nordhordland oppmodar om at det vert etablert eit fagleg nettverk for dei kommunal ØHD-tilboda dersom leiarane for tenesta finn dette hensiktsmessig, men kan ikkje sjå at det er behov for å gje nettverket eige mandat med rapporteringsplikt til samarbeidsutvala slik det er føreslått i sakframlegget.</p>	V
52/16	<p><b>Avviksmelding - nytt skjema - felles løft.</b></p> <p>Anne Hildegunn Færøy viste til nettsida <a href="http://www.saman.no">www.saman.no</a> der nytt skjema for melding av avvik er gjort tilgjengeleg for partane. Det vart oppmoda om at alle orienterer om dette i eigen organisasjon og sikrar at skjema vert tatt i bruk ved brot på/avvik knytt til samarbeidsavtale 3 og 5, somatikk. Det vert peika på at det er behov for lokal opplæring og at også fastlegane blir orientert om dette.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Samarbeidsutvalet for Nordhordland takkar for orienteringa.</p>	O
53/16	<p><b>Orientering /referat fra utval:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Medisinsk faglig utval</li> <li>• UFAB</li> <li>• DPS-råd</li> </ul> <p><u>Vedtak:</u> Samarbeidsutvalet for Nordhordland tar referata til orientering</p>	O

54/16	<p><b>IKT samhandlingsutval</b> Saksgrunnlag med orientering om bakgrunn for og tilråding om å avvikla IKT samhandlingsutval i noverande form var lagt ved saklista.</p> <p><u>Vedtak:</u> Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til at;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– IKT samhandlingsutval vert avvikla i noverande form</li> <li>– Det vert etablert eit nytt strategisk samarbeid om samhandling innan IKT og e-helse.</li> <li>– Det vert utarbeidd sak til Samarbeidsutvala i februar 2017.</li> </ul>	V
55/16	<p><b>Sykkel VM 2017</b> Gunn Glimsdal som skulle orientert om sykkel-VM 2017 var sjuk og det var derfor gitt ei kort orientering med bakgrunn i vedlagte presentasjon.</p> <p><u>Konklusjon:</u> Utvalet peikar på at det er viktig med informasjon om arrangementet og kva konsekvensar det får for dei som bur rundt Bergen. Denne informasjonen må ut til alle kommunar, også til dei som ikkje er direkte involvert eller direkte grensar til Bergen kommune. Alle kommunane ber om å bli invitert til orienteringsmøter om arrangementet.</p>	O
56/16	<p><b>Kort drøfting av Fellesmøte mellom alle samarbeidsutvala 30.november.</b> Utvalet hadde ei kort drøfting og kom med synspunkt på innhald og gjennomføring av samlinga. Fleire meinte det var eit bra møte med gode tema, men at det mangla oppsummering og drøfting på slutten. Nokre meinte det hadde vert nok med ei 3-timars samling med kortare innlegg og meir tid til diskusjon.</p>	D
57/16	<p><b>Eventuelt.</b> Ingen saker meldt</p>	